

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterverns hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selvsagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «prestetjenester»



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

4.april 2021

1. påskedag

Tema:
Håp



Velkommen

til ei enkel påskegudsteneste

kl 11:00

i FELLESSTUEN 2. etg.

1. påskedag

Prekmentekst: Matteus 10,1-8

Då sabbaten var til ende, og det tok til å ljøsna fyrste dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria og ville sjå til grava. 2 Då kom det brått eit kraftig jordskjelv; for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava og velte steinen ifrå og sette seg på han. 3 Han var som lynet å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. 4 Vaktmennene skalv av redsle då dei såg han, og dei vart liggjande som døde. 5 Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, han som vart krossfest. 6 Han er ikkje her; han er oppstaden, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! 7 Skunda dykk av stad og sei til læresveinane hans: Han er oppstaden frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han. No har eg sagt dykk det.»

8 Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad og ville fortelja det til læresveinane. 9 Men best det var, kom Jesus imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. 10 Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»



Håp

Ser vi det for oss? Ved daggry – tidleg om morgonen – klar kald luft – lav morgonsol – doggvåte tre og plantar... Kvinnene har halde seg i ro på sabbaten slik dei jødiske reglane seier. Sorga over tapet av Jesus, å sjå han lide og døy, har vore meir enn dei kunne bere. Men no, den første dagen i veka, vil dei til grava og salve kroppen hans med olje – det var det minste dei kunne gjere for han. Dei går med sorgtrunge skritt opp mot grava og snakkar nok om det som har hendt. Dei er sikkert også skuffa og forvirra – var han likevel ikkje Messias?

Så skjer alt fort. Det er overveldande og skremmande; jordskjelv – engel – paralyserte vakter – tom grav – oppdrag – og Jesus i live! Ikkje rart dei vart redde! Men samtidig jublande glade, som det står. No går dei ikkje lenger, dei spring! Mismot og sorg vart vendt til håp og glede. Ikkje bare skulle dei få møte Jesus igjen, han hadde vunne over døden! Han var verkeleg Guds son!

Midt i alt det håplause snudde det. Møte med Jesus blei eit vendepunkt. To viktige ting blei sagt to gonger: Først: «Ver ikkje redde!» Gud vil oss godt midt i alt vi står i. «Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer» heier det salmen (N13 494). Gud er med også inn i liding og død. Jesu oppstode har vist oss at det finnest ei framtid og eit fellesskap som sprenger døden sine grenser. Det gir håp.

«Frykt ikke mere! Evig er han med.

Troens øye ser det: Han gir liv og fred». (N13 197)

«Gå og fortel...» vart også sagt to gonger. Og den glade budskapet vart delt slik at vi, 2000 år etter, helsar kvarandre i påsketida med: «Kristus er oppstanden!» med tilsvaret «Ja, han er sanneleg oppstanden!»

God påske!

**Beste helsing Kristin Lørdøen Hope
sjukehusprest**